

OM GARDAR I ÅMLI.

Alder.

Dei eldste gardane i Åmli er frå ca. 400-600 e.kr. Flatlandsmoen i Gjøvdal er eit minne me har frå denne tida - folkevandringstida. Ordet gard tyder gjerde - altså det inngjerda området. Dess meir rette og firkanta grenser, dess eldre er garden. Den gamle merkinga var med 4 *endestavar* med ledesteinar som viste den rette *strengen*. Frådeling og oppsplitting av gardane skjedde tidleg. Namn som er frå vikingtida eller eldre har naturnamn (Åmli, Øy m.fl.), eller ender på -land (Risland, Askland m.fl.) og -stad (Hillestad, Simonstad m.fl.). Like gamle, eller helst yngre blir dei reikna som endar på -tveit (Epletveit, Harstveit m.fl.). Det er truleg at desse gardane var rydda innan vikingtida tok slutt.

Skatt og registrering.


For at garden ikkje skulle bli øydelagt av fiendar, utvikla det seg ei hovdingmakt med felles soldatar, som forsvarte området betre enn familien aleine. Ein gamal skatt er eit *månadsmatbol (mmb)*, dvs. den mengde mat ein soldat trong til ein månad. Frå heigarden Gjevden i Gjøvdal kjenner me til at ein slik skatt vart sett til 7 mmb. Etterkvart kom skattar til både konge, adel og kyrkje, og frå omlag 1500 blei skatten målt i skinnvarer i Åmli. Gardane blei delt i 3 storleikar. Den største heitte *fullgard*, med ein skatt på 4 *huder*. Deretter kom *halvgard*(2-4 *huder*), og minst var *øydegard*(*mindre enn 2 h.*) Etterkvart som det blei fleire folk, måtte dei fattigaste leige jord av dei rikaste. Dei blei etterkvart *husmenn*. Betalinga var hardt arbeid på garden dei låg under. Antal husmannsplassar auka etterkvart og var på topp rundt 1850. Då var fattigdomen så ille at det byrja ei stor utvandring, særleg til USA. Rundt 1930 fekk ein pengar av staten til å dyrke ny jord. Desse blei kalla *bureisingsbruk* og mange av dei står ennå. I 1838 kom eit system der gardane fekk eit *matrikkelnummer* (matrikkel = liste over fast eigendom). Etter nokre forandringar blei det slik me kjenner i dag. Kvar eigendom i Åmli har nå 2 nummer. Eit *gardsnummer(gnr)* som fortel kva for gard eigendomen er skild ut frå, og eit *bruksnummer(bnr)* som fortel om rekkefylgjen på utskiljinga. Bnr.1 er hovudgarden slik den var ved starten av denne registreringa, bnr.2 er den eigendomen som fyrst blei delt i frå osv. Der eigendomane ligg tett,t.d. i Åmli sentrum, blir det høge tal på bnr.

Gardsnummer i Åmli.



Her kjem ei liste over gardsnummera i kommunen. Systemet er slik: 1 - 14 er Tovdal m/Skjeggedal, 15 - 28 er Gjøvdal, 29 - 42 er frå Telemarksgrensa og ofte på begge sider av Nidelva t.o.m. Engenes, 43 - 59 er austre sida av vassdraget til Froland, 60 - 74 går oppover att langs vestre side av elva, svingar ut til Dølemo og langs Tovdalselva ut til Frolands grense att. Gnr 16 og 73 manglar. 16 er Espestøyl som blei overført til Nissedal kommune og 73 er Flatland som blei overført til Froland. Dette skjedde i 1968. Tydinga av namna står i parantes og bygger vesentleg på professor Oluf Rygh: "Norske Gaardnavne".

Gnr.

1. Skjeggedal, nedre (av elvenamnet *skjeggja* = den skummande)
2. Høgli (kanskje av *hægr* = ligg lagleg til)
3. Hestkleiv (enten rett fram, eller av mannsnamnet *Hedinn*)
4. Skjeggedal, øvre (sjå 1)
5. Tveitli (*Þveit* = avgrensa, opent jordstykke som ligg for seg sjølv)
6. Dale (av dal)
7. Austenå (austafor elva)
8. Vrålstad (av mannsnamnet *Roaldr*, seinare *Vrål*)
9. Hillestad (av mannsnamnet *Hildir*, eller kvinnenamnet *Hildir*)
10. Tveit (sjå 5)
11. Ramse, øvre (usikkert, kanskje av plantenamnet *rams* = liljekonvall)
12. Gunnleifjell (kanskje av mannsnamnet *Gunnleikr*)
13. Ramse, ytre (sjå 11)
14. Håkedal (av *Hákon*)
15. Smeland (av *smidr* = smed)
17. Jørundland (av mannsnamnet *Jorundr*)
18. Mjåland (mjå = smal)
19. Hågestøyl (håg = høg)
20. Askland (Av treet ask)
21. Landsverk (verk = arbeid)
22. Åmland (åm = treet alm)
23. Harstveit (truleg av mannsnamnet *Hárekr*, og tveit, sjå 5)
24. Oland (usikkert, kanskje av mannsnamnet *Uni*)
25. Homdrom (usikkert, kanskje av *Hámundarhammar*, dvs. garden til *Hámudr* som ligg under det bratte fjellet)
26. Hunemo (truleg etter mannsnamnet *Húni*)
27. Gangsei (usikkert, kanskje gamal ferdselåre, gang over heia)
28. Olstad (truleg Olavs-stad)
29. Øy (Nidelva deler seg i to frå Kjørull, danner ei "øy")
30. Lia (rett fram)
31. Neset (rett fram)
32. Fiskvatn, austre (rett fram)
33. Katerås (kanskje åsen med røyskatt)
34. Krossbekk (truleg rett fram)
35. Seljås (av treet selje)
36. Gjøvland (truleg av elvenamnet *Gef* = Gjøv, dvs. den gjevande, kanskje rik på fisk)
37. Epletveit (av eple + tveit, sjå 5)
38. Åmli prestegard (garden Åmli opphavet til namnet på prestegjeldet, seinare kommunen. Åmli = almeli)
39. Børtinghus (*birtingr* = lysande, skinande)




40. Negarden (utskild frå dei øvre, 38 el. 39, derav den nedre)
41. Risland (*ris* = kratt)
42. Engenes (neset med eng)
43. Tveit med Valle (Tveit sjå 5, Valle av *vollr* = grasvoll)
44. Simonstad (av mannsnamnet *Sigmundr*)
45. Gjeruldstad (av mannsnamnet *Geirulfr*)
46. Kleivane (rett fram)
47. Hovde (fjellformasjon likt eit hovud, jfr. Hovdefjell)
48. Hushovd (den bebygde Hovde-gard, medan 47 låg øyde?)
49. Mosberg, austre (truleg av plantetypen mose)
50. Grimeland (kansje av kvinnenamnet *Gríma*)
51. Vimme,austre (truleg av *vím* = oppkome)
52. Forland (av treet furu, fore)
53. Imeland (*im* = damp, fosserøyk)
54. Kiland
55. Hove (*hefja* = heve, forhøgning i landskapet)
56. Flaten (*flati* = flate, slette)
57. Vimme, vestre (sjå 51)
58. Øynes (ligg mot to øyar i Nelaug)
59. Brattøyna (rett fram)
60. Mosberg, vestre (sjå 49)
61. Sigridnes (etter kvinnenamnet *Sigridr*)
62. Gjermones (etter mannsnamnet *Geirmundr*)
63. Tverstøyl (kanskje husa som låg på tvers i høve til veggen)
64. Tviland (to gardar slått saman til ein, eller at jorda låg på to avskilde stadar)
65. Eppeland (av eple)
66. Bås (av *báss*, fangstinnretning, t.d. bjørnebås, eller husdyrinngjerding)
67. Innjorda (kanskje utmark som er blitt inngjerda)
68. Rostveit (kanskje av mannsnamnet *Rolfr*, eller av *hross* = hest, tveit sjå 5)
69. Landsås (truleg landbrukslandet oppå åsen)
70. Vehus (*viðr* = skog, bustaden i skogen)
71. Solberg (berget der ein såg sola gå ned)
72. Berås (anten av *ber* = bær, eller av *bera* = hobjørn)
74. Sparåtveit (*sparrhaukr* = spurvehauk, tveit sjå 5)



MEIR OM TEMAET:

Bygdebøkene, "Åmli, ætt og heim" I og II
 "Vår gamle bondekultur" I og II
 "Agders historie" II og III
 "Bureising i Åmli", Jol i Åmli, 1999
 CD-Rom: VG-innsyn, Åmli



OPPGÅVER TIL GARDAR I ÅMLI.

1. Kor gamle er dei eldste gardane i Åmli?
2. Korleis var dei gamle gardgrensene?
3. Kva tyder ordet gard?
4. Kva for type namn har dei eldste gardane?
5. Korleis var dei gamle skattane?
6. Kva for gardsnr. og bruksnr. har heimen din?
7. Finn ut kva garden heiter som huset/tomta di er skild ut i frå. Kva tyder gardnamnet?
8. Kvifor manglar gnr.16 og gnr.73 i lista frå Åmli kommune?
9. Kva tyder det gamle ordet *tveit* ?
10. Kva for gardar hentar namnet sitt frå planter/tre?
11. Finn ein gard som hentar namnet sitt frå ein mann.
12. Finn ein gard som hentar namnet sitt frå ei kvinne.

